

NORDFJORD FOLKEHØGSKULE

SKULEREGLEMENT 2026/-27

§ 5a i Folkehøgskoleloven beskriv at alle elevar har rett til eit trygt og forsvarleg læringsmiljø (fysisk og psykisk) som ivaretek omsynet til elevar si helse, sikkerhet og velferd. Nordfjord folkehøgskule skal legge forholde til rette for at dette skjer. Ein del av dette arbeidet er eit sett med skulereglar. Når du aksepterer skuleplassen, forpliktar du deg til å gjere deg kjent med skulereglane og etterleve desse gjennom skuleåret.

1 Skuleplass og opphaldspengar

1.1 Bekrefta skuleplass

Skuleplassen er bekrefta når eleven har akseptert tilbodet og har betalt innmeldingsavgifta. Aksepten er bindande frå det tidspunktet angrefristen går ut, som er 14 dagar etter at skuleplassen er bekrefta. Dersom eleven ønskjer å seie frå seg skuleplassen etter dette, vil innmeldingsavgifta ikkje bli refundert.

1.2 Opphaldspengar

Alle elevar er økonomisk ansvarlege for skuleåret. Manglande betaling av opphaldspengar kan medføre tap av skuleplass og/eller deltaking på turar og opplegg gjennom året.

Elevar som sluttar i løpet av skuleåret, uansett årsak, må betale opphaldspengar for dei påfølgande 6 vekene. Planlagte studieturar/opplegg som ikkje kan avbestillast må betalast. Det same gjeld andre utgifter som skulen direkte kan knyte til eleven.

2 Frammøte og fråver

2.1 Godkjent skuleår

Eit fullt folkehøgskuleår er på minimum 190 dagar fordelt over 33 veker. For å få godkjent skuleåret og få to konkurransepoeng for opptak til høgare utdanning er det ein føresetnad med 90 % registrert elevframmøte. Med elevframmøte meiner ein deltaking i obligatorisk undervisning og aktivitetar i regi av skulen.¹

Elevar som får godkjent skuleår, får vitnemål. Vitnemålet skal innehalde dokumentasjon over eleven sitt læringsprogram og deltaking.

2.2 Fråver

Skulen fører fråver, i dagar og enkelttimar. Bortvisning vert talt med i beregning av fråversprosent.

a) Dokumentert fråver:

Eleven kan ha inntil 15 dagar dokumentert fråver, som ikkje vert ført på vitnemålet.

Følgande fråver kan innvilgast som dokumentert fråver:

¹ [Forskrift til folkehøgskoleloven \(folkehøgskoleforskriften\) - Kapittel 3. Dokumentasjon på fullført kurs og fravær - Lovdata](#)

- Politisk arbeid på regionalt plan eller nasjonalt plan som tillitsvald i landsdekkande organisasjonar
- Dokumentert lovpålagd oppmøte, f.eks. som folkevald eller i ein domstol
- Helse- og velferdsgrunnar
- Organisert hjelpearbeid i krisesituasjonar
- Inntil to dagar ved religiøse høgtider for elevar som er medlemmer av andre religiøse trussamfunn enn Den norske kyrkje
- Anna spesielt fråver, godkjent av rektor

Sjølvtendig studiearbeid som er avtalt med skulen vert ikkje rekna som fråver.²

b) Udokumentert fråver

Eleven kan ha inntil 19 dagar (10 %) udokumentert fråver og få godkjent skuleåret. Udokumentert fråver skal først på vitnemålet, men eleven kan kreve at årsaka til fråveret blir ført opp. Eleven har sjølv ansvar for å dokumentere årsak og be om at dette vert oppført.

3 Orden og oppførsel

3.1 Generell åtferd

Elevane skal medverke til eit godt lærings- og arbeidsmiljø for alle på skulen. Alle skal ta omsyn til andre, og rette seg etter dei lover og instruksar som til eikvar tid gjeld for skulen og i samfunnet for øvrig. Elevane skal bidra til å halde det reint og ryddig på skulen sitt inne- og uteområde, og ta godt vare på alt utstyr som tilhøyrer skulen.

Vald, truslar, truande åtferd, seksuell trakassering/overgrep og tjuveri skal ikkje forekome. Mobbing, diskriminering eller krenkande språkbruk, vert ikkje akseptert, verken verbalt, fysisk eller digitalt.

3.2 Tilgong til elevrom

Elevane har rett til privatliv, og internatromma er gjennom skuleåret elevene sitt private rom. Tilsette har kun tilgong til elevane sine rom ved bekymring for liv og helse og/eller i særskilte tilfeller. Elevene pliktar også i nødvendig utstrekning å gje skulen sine representantar tilgong til rommet sitt for tilsyn. Dette gjeld dersom det er nødvendig å gjennomføre pliktig vedlikehald eller andre arbeid som må utførast for å hindre skade på rommet eller eigedomen for øvrig.

3.3 Våpen og farlege gjenstandar

Det er forbode å oppbevare våpen, våpenlignende gjenstandar, ammunisjon og andre farlege gjenstandar (sprengstoff, fyrverkeri mv.) på skulen sitt område utan etter nærmere avtale.

Elevar som har fått tillatelse til å ha med jakt- eller banevåpen til skulen, skal oppbevare det i skulen sine våpenskåp. Det same gjeld ammunisjon. All bruk skal vere i tråd med lov, forskrift og skulensin våpeninstruks. (Jakt-og fiskelinja har eigen våpeninstruks)

3.4 Nattero

Av omsyn til medelevar og tilsette skal det vere nattero mellom kl. 2300 og kl.0700 på skulen sine inne- og uteområde.

3.5 Bruk og utlån av friluftslivsutstyr

Skulen har utarbeidd eigne instruksar for bruk og lån av friluftsutstyr, som gjeld både for undervisnings- og fritid. Elevane får opplæring i dette ved starten på skuleåret, og pliktar å bruke utstyret i tråd med retningslinjene.

3.6 Reaksjonar ved brot på reglane

Brot på orden- og oppførselsreglane vil kunne føre til disiplinærsak og kan utløyse reaksjonar slik som beslag av våpen/farlie gjenstand, advarsel, erstatning, bortvisning eller utvisning.

4 Rusmiddel

4.1 Alkohol

Det er ikkje tillate å oppbevare eller drikke alkohol på skulen eller på skulen sine område. Det er heller ikkje tillate å opphalde seg på skulen sitt område i berusa tilstand.

4.2 Ulovlege rusmiddel mv.

Det er eit absolutt forbod mot å bruke, omsette eller oppbevare ulovlege rusmidler på skulen. Det same gjeld omsetting av reseptbelagte legemiddel og dopingmiddel.

4.3 Reaksjonar ved brot på reglane

Brot på skulen sine rusmiddelreglar vil kunne føre til disiplinærsak som kan resultere i beslag, advarsel, bortvisning eller utvisning. Brot på reglane om ulovlege rusmiddel mv. kan i tillegg føre til at skulen tak kontakt med politiet.

5 Internett og sosiale media

5.1 Samtykke til å publisere bilder og film

Bilder og filmar som skulen sine tilsette tek av elevane i samband med undervisning, studieturar og liknande, samt elevarbeid, kan bli brukt til å marknadsføre skulen i brosjyrer/katalogar, på skulen sine nettsider og i sosiale medier (f.eks. skulen sin Facebook, Instagram, Snapchat og TikTok-konto).

Publisering av bilder og filmar av elevar føreset at elevane samtykker til dette. I starten av skuleåret vil det bli delt ut eit samtykkeskjema til alle elevar. Samtykkeskjemaet må underskrivast dersom skulen skal kunne bruke bildene/filmane.

5.2 Reglar for samtykke frå andre personar

Det er forbode å dele/publisere bilder og filmar av andre elevar eller tilsette ved skulen uten deira samtykke. Krav til samtykke gjeld ikkje for deling/publisering av situasjonsbilder, men det vert oppfordrast til dette då det kan vere vanskeleg å avgjere kva som er eit portrettbilde eller situasjonsbilde.

Brot på forbodet kan føre til disiplinærsak og i alvorlige tilfelle politianmeldelse.

6 Disiplinærreaksjonar

6.1 Disiplinærrådet

Folkehøgskoleloven § 9 regulerer handlinga av disiplinærsaker. Med disiplinærsaker meiner ein saker der det er brot på skulereglementet.

Skulen sitt styre har vedteke at disiplinærrådet skal bestå av rektor, elevrådsleiar og evt. ein annan tilsett.

6.2 Reaksjonar/konsekvensar ved brot på skulereglementet

Bruk eller oppbevaring av ulovlege rusmiddel, vald og seksuelle overgrep vil normalt føre til utvisning. Alvorlege tilfelle av rasisme, mobbing og trakassering (inkludert seksuell trakassering) vil også normalt medføre utvisning.

Ved bortvisning må eleven forlate undervisninga/og eller skulen sitt område i heile bortvisningsperioden.

Ved utvisning mistar eleven skuleplassen og muligheta til å opphalde seg på skulen sitt område resten av skuleåret. Eleven vil også miste retten til vitnemål.

6.3 Saksbehandlingsreglar i disiplinærsaker

Saksbehandlinga i disiplinærrådet er underlagt reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VI.³

Alle vedtak i disiplinærrådet skal være skriftlege og skal grunngjevast. Vedtaket skal innehalde opplysningar om eleven sin mulighet til å klage på vedtaket, sjå punkt 6.4. Fristen for å klage er tre veker frå det tidspunktet kunnskap om vedtaket er kome fram til eleven. (Ref. Forvaltningsloven, kap IV, V og VI)

6.4 Klage på disiplinærsaker

Eleven har høve til å klage på vedtak i disiplinærrådet. Klagen skal vere skriftleg, angje kva vedtak som det vert klaga på, og innehalde ei beskriving av kva det klagast over og kva ein ber om. Klagen skal være underteikna av eleven og/eller foreldre/verge dersom eleven ikkje er myndig, og sendast til disiplinærrådet.

Skulen sitt styre er øverste myndighet for skulen, jf. folkehøgskoleloven § 8. Ved klage på eit vedtak frå disiplinærrådet, er styret klageinstans. Ved behandling av klagen skal styret vurdere dei synspunkta eleven kjem med, og føreta dei undersøkingar klagen gir grunn til. Dersom styret finn klagen begrunna skal vedtaket opphevast eller endrast.

Folkehøgskular er etter forvaltningslova forvaltningsorgan i saker der skulen utøver offentlig myndighet og treff enkeltvedtak. Forvaltningslova sine regler i kapittel IV, V og VI gjeld ved styret klagebehandling.

7 Brann

Skulen har eigen branninstruks som alle som har tilhald på skulen er forplikta på å lese og følge opp. Denne blir gjennomgått ved oppstarten av skuleåret.

Misbruk av brannsikkerhetssystemet vil føre til disiplinærsak og erstatningsansvar. Dette gjeld for eksempel ved tildekking eller fjerning av brannmeldarar, falsk alarm eller misbruk av slukkeutstyr mv.

³ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>